

Alf Larsen. Ein introduksjon bokmelding om Røgnaldfolket.

Av Arild Mikkelsen

Publisert i Olav Sletto-selskapets Årshefte 2013.

Det er noko merkeleg med tilhøvet mellom Alf Larsen og Olav Sletto. Ved fyrste augneblink er skilnadane mellom dei mykje større enn moglege likskapar. Alf Larsen høyrer heime i kystlandskapet i Vestfold, Sletto i den austnorske fjellheimen; Alf Larsen skriv eit danskprega riksmål, Sletto skriv eit nesten arkaisk nynorsk; Alf Larsen er fyrst og fremst poet, medan Sletto er romanforfattar av det heilt store slaget og i det heilt store formatet.

Sjølvsagt finst det mykje samsvar mellom dei, også. Båe hadde fått sterke inntrykk frå opphald som elevar på folkehøgskule, Alf Larsen på Skiringssal dåverande fylkesskule i Vestfold og på Grundtvigs Højskole i Danmark, Olav Sletto på Voss folkehøgskule; båe er glimrande essayistar, og dei er båe djupt innlesne i europeisk kulturhistorie, og dei har omfattande kunnskapar i europeisk filosofi og idéhistorie. Medan Alf Larsen vart tidsskriftredaktør og ein hissig og arg samfunnsdebattant, vart Olav Sletto lærar og styrar på folkehøgskular gjennom mange år, og prega samfunnsdebatten noko mindre enn Larsen. Venskapen dei i mellom visna likevel ikkje, dei veksla brev gjennom mange år, og dei meldte bøkene til kvarandre.

I 1951 skreiv Alf Larsen si store og reflekterte melding om Røgnaldfolket. Same året kjem Alf Larsen med aforismesamlinga «Nattetanker», og då skriv Olav Sletto følgjande i eit brev til Larsen: «Hjarteleg takk for Nattetanker. Eg har alt teke eit raskt oversyn, eit lite prøvesjå, og skal no bruke boki for alvor. Det vil vara lenge, eg nyttar bibelens lesekunst; eg et boki. Men lat meg segja kva lesaren opplever, når han opnar Nattetanker: Rikdom av tankar, syner, poesi er so flødande, ein har fyrst kjensle av at ein blir overmanna. Kjeldespranget er kome i gang.... og no kan det ikkje stanse meir! Kvar einskild aforisme er so våke bygd, og med same formelle meisterskap...

Det er ofte du gjev innsyn so sterke at det er som ein brått ser tvers gjennom problemet.... og høgje problem bak det att. Ofte vekkjer du problem, der ein ikkje før visste det var noko. Du kastar strålar innover so mykje og mangt av dette vårt jordiske, samstundes maktar du openberring av den høgje verdi og dei heilt indre løyndomane. Og det som er og må vere i all aforistisk kunst: aforismene dine er lett å meditere over, som kjem av at du har arbeidet hovudsaki klårt og vishøvt inn».

Olav Sletto er ein dyktig lesar, og ein skarp tenkar. Han råkar noko heilt sentralt hos Alf Larsen når han skriv at Larsen «kastar strålar innover so mykje og mangt av dette vårt jordiske, samstundes maktar du openberring av den høgje verdi og dei heilt indre løyndomane». Det er god grunn til å tru at Alf Larsen blei glad då han las dette. Olav Sletto lyftar fram nett det spesielle ved Alf Larsen sitt antroposofiske grunnsyn: Bak den ytre sansbare røyndomen finst ein annan meir omfattande åndeleg røyndom, vakrare og sannare. For Alf Larsen var det å bore djupt i den ytre sansbare verda, ein veg til djupare innsikt i verdsaltet. Diktinga skulle vere vegvisar til den åndelege verda. For Alf Larsen var dikting, anten i form av poesi eller aforismar, ein veg til erkjenning, gjennom å syne fram det vakre i naturen. Innsikt og erkjenning er nøkkelord for å gripe Larsen si dikting, og nett dette er det Sletto elegant tar tak i gjennom si formulering.

Litteraturhistorikarar les Alf Larsen inn i ein romantisk tradisjon som byrja med Welhaven, men som fekk ein knekk gjennom realismen og naturalismen, då diktarane skulle sette problema, samfunnsproblema, under debatt. Knut Hamsun bryt ut av denne tenkinga, vi får nyromantikarane med Obstfelder, men fyrst etter 1905, med den såkalla nye arbeidsdagen, bryt ein ny poesi for alvor gjennom. Vi får Wildenwey, Olaf Bull, og ikkje minst Olav Aukrust. Alf Larsen høyrer heime i denne tradisjonen. Særleg Olav Aukrust og møte med diktinga hans får avgjerande fylgjer for Alf Larsen. Etter at han las dei to fyrste bøkene til Aukrust, endra han si eiga dikting. Diktsamlinga «I vindens sus» frå 1927 vart prega av Aukrust sitt syn på poetikk og hans syn på dei eksistensielle grunnvilkåra i tilværet. Og det er antroposofien og Rudolf Steiner sin teori om den skapande, åndelege utviklinga i tilværet, som ligg under og som inspirerer Alf Larsen til ny poesi. For Alf Larsen fører dette til at han får eit nytt syn på kystlandskapet i Vestfold, på naturen i skjergarden, og linene i bukt og brenning. Det vakre landskapet ber bod om ei verd bak den ytre røyndomen som sansane grip tak i.

Det kjem tre diktsamlingar i rask rekkefylgje frå Alf Larsen si hand. Nokre granskarar har kalla dette ein ny poetisk raptus. Poeten står no fram som ein klår metafysikar med Rudolf Steiner og den antroposofiske teorien som ideologisk bakgrunn. Trettitalet var samstundes det tidsavsnittet i Norge som på mange vis var minst metafysisk, og Alf Larsen kjem i kraftig opposisjon til dei rådande idéane i samtida. Han stod fjernt frå alle sosialistiske og marxistisk inspirerte teoriar, og var også heilt annleis i tanken enn dei rådande kulturradikale forfattarane som Sigurd Hoel, Arnulf Øverland og Helge Krog som alle hadde, ikkje berre Marx, men særleg Freud i baklomma.

Resultatet vart at Alf Larsen langt på veg vart gløymt som poet, i alle høve av dei mest kjende kritikarane. Etter kvart vart det heilt stille om Alf Larsen som poet. Etter krigen vart poesien hans lese på nytt, og eit nytt publikum fann fram til dikta hans.

I mellomkrigstida var likevel ikkje røysta til Alf Larsen borte frå samfunnsdebatten. Han ville gjere dei antroposofiske idéane gjeldande i heile samfunnslivet, og ville sjå antroposofien som eit alternativ til det etablerte samfunnet. Antroposofien skil ikkje mellom basis og overbygna slik sosialistiske tankar gjer. Økonomiske og sosiale tilhøve spelar ei underordna rolle i høve til åndelege røynsler. Antroposofien vart dermed ikkje i stand til å påverke samfunnsdebatten i særleg grad, og Alf Larsen utvikla seg i konservativ retning, der den store europeiske kulturtradisjonen vart viktigare enn nære økonomiske og sosiale realitetar i samtida. Gjennom tidsskriftet «Janus» vart likevel røysta til Alf Larsen tydeleg i mellomkrigstida, og dette er ei interessant røyst, konservativ på mange vis, men med klåre analysar av samtida og politiske straumdrag som han fann uakseptable. Eit merkeleg paradoks er det at det nett var Nasjonalforlaget som stod bak «Janus». Intellektuelle antroposofar frå heile Norden fekk eit hardtslåande og oppegåande forum. «Aldri har interessen for åndelige spørsmål vært større enn nu da den materielle verden bryter sammen omkring oss og den materialistiske verdensanskuelse har mistet sin brodd», skriv redaktør Larsen i opningsnummeret, og hamrar laus på samtidskulturen der skjønnlitteraturen meir og meir vert «den reneste underholdningslektyre» og avisene vert prega av «likegyldig nyhetsstoff». Paradokset ligg i at det er nett Nasjonalforlaget som gir ut alle desse populærkulturelle underholdningsromanane som Alf Larsen foraktar, og at det er det same forlaget som held liv i tidsskriftet «Janus» heilt til 1942.

«Janus» med Alf Larsen som redaktør vert eit viktig tidsskrift i trettiåra, og syner kor vanskeleg det var å sjå kva som gjekk føre seg i samtida. Kretsen til Alf Larsen, deira konservative utgangspunkt, gjorde at dei i fyrstninga stilte seg temmeleg opne for Vidkun

Quisling og visjonen hans, og kampen hans mot bolsjevisme og revolusjon. I artikkelen «Ropet på mannen» ser Larsen at eit ønske om ein førar er eit uttrykk for «menneskenes avmakt overfor virkeligheten som her synger sin store forvirring ut, deres tvil på alle gamle begreper som de ikke kan mestre tingene med mere, deres tvil på ånden kort sagt», og lengre ut kjem det: «Dypest sett kan vi si det slik at verden aldri har vært ledet av menn, den har vært ledet av idéer som denne eller hin mann har vært et mere eller mindre fullkomment uttrykk for. Ingen mann, han være sig aldri så stor, har nogensinne – sett under den synsvinkel – vært noget i sig selv. Kun i kraft av den idé som har besjelet ham, den ånd som har fylt ham, har han vært noget».

Ut frå dette perspektivet vurderer så Alf Larsen om Vidkun Quisling er den rette mann, om han har en idé som duger, og om han held mål. Domen er knallhard og nådelaus. I artikkelen «Vidkun Quisling og hans misjon» skriv han: «Når en skikkelse som Vidkun Quisling vokser op igjennem et folks bevissthet inntil han blir synlig for alle som et motsigelsens tegn, for nogen til fortapelse og andre til frelse, da betyr det noget i dette folks historie, for dette folks liv. Da dreier det sig ikke lenger om en politiker som er statsråd i dag og forhøv. statsråd imorgen eller stortingsmann i denne perioden og glemt i næste, da dreier det sig om en fører – på godt og ondt. Og da er det gått skjebne i et folks forhold til denne mann. Dette er Quislings situasjon i det norske folk nu, og under den synsvinkel må han sees og se sig selv». Quisling held ikkje mål, han er ikkje klår nok i argumentasjonen, han er ikkje ein fridomstenkjar, og Alf Larsen har ikkje tillit til han. Han skriv: Men vi er efterkommere av en oprørsflokk som samlet sig omkring Luther, vi hører til under Grundtvigs og Wergelands merke, vi har vår egen linje å følge, vi har ikke noget å gjøre med alt dette masseskrik og all denne massebegeistring”. I “Janus” stig Alf Larsen fram som ein ihuga antinazist og skarp kritikar av antisemittismen. “Jødeforfølgelsen er en skamfleck på det tyske folks historie, en uavtvettelig skamfleck. Og den autodafé som i disse dager er foranstaltet på frihetselskende og frittenkende menneskers skrifter, den vil bli en vardeild som kommer til å samle alt det som heter frihetsånd i Europa til et opgjør med den bøddelånd som nu triumferer i øst og vest, syd og nord”.

Alf Larsen sitt ettermæle fekk ei alvorleg skrape i 2009 då professor i idéhistorie, Jan Ebbestad Hansen, fann eit gløymt og uprenta manus av Alf Larsen som inneheld særskild grove antisemittiske utsegner. Dette førte til ein skarp debatt i fleire avis om Alf Larsen sin forfatterskap, om antroposofien, og om Alf Larsen som samfunnsdebattant. Debatten kasta lange skuggar bakover i forfatterskapen, og mange av Larsen sine haldningar frå trettitalet vart trekte i tvil. Dette ordskiftet og konsekvensane av det høyrer ikkje med i denne samanhengen, men måtte likevel nemnast. Tore Rem kallar også Alf Larsen for ein antisemitt i biografien sin om Jens Bjørneboe.

Granskinga av Alf Larsen på bakgrunn av skriftet “Jødeproblemet” er ikkje ferdig enno. Heilt klårt er det at Olav Sletto ikkje kjende til dette skriftet, sjølv om det vart skrivi etter krigen. Relasjonen mellom Alf Larsen og Olav Sletto handla om andre saker. Det som bind dei saman er ikkje politiske haldningar, ikkje heller sams antroposofisk grunnsyn, trur eg, men eit sams syn på litterær estetikk, på litteraturen si oppgåve og evne til å lyfte menneskelivet. Olav H. Hauge held Alf Larsen som ein av de verkeleg stor poetane, og rosa mellom anna «Nattetankar» opp i skyane.

Kvifor ikkje Olav Sletto fekk hovudstadskritikarane med seg, og måtte tåle negativ kritikk mange gonger, er ikkje alltid lett å greie ut, men situasjonen vart knapt betre av å ha Alf Larsen på laget i 1950-åra. Alf Larsen og dei kulturradikale kritikarane i hovudstaden stod

milevis frå kvarandre. I Alf Larsen hadde likevel Olav Sletto trass i alt ein av sine klokaste og beste lesarar.

I si lange bokmelding av “Soga um Røgnaldfolket” er eit av hovudpoenga til Larsen at Olav Sletto sitt romanverk oppnår “virkning av gådefullhet og uutgrundelighet (-) ved å skildre livet under evighetens synsvinkel”. Larsen skriv vidare at: “det er det som gjør denne bok så bemerkelsesverdig og betydningsfull: tingene er gjennomskuet, man ser likesom tværs igjennem naturen og menneskene, og noe annet åpenbarer sig bakved alt eller ligger over det som en halvt usynlig hildring, enslags aura. Det evige er himlen over det timelige her, det glemmes ikke et øyeblikk, og Gud lever så påtagelig som i noen bok jeg har lest fra senere tid, skjønt der ganske visst ikke snakkes om ham anderledes enn i de almindelige vendinger forfatteren legger sine høist tidsbestemte personer i munden”. Larsen kallar dette “forglemte virkeligheters gjenoppstandelse”.

Her legg kanskje Alf Larsen sitt antroposofiske “skjema” eller mønster oppå Olav Sletto sitt verk, men han råkar samstundes den tanken Sletto sjølv fann i “Nattetanker”; det å kaste strålar innover det jordiske, og samstundes openberre dei heilt indre løyndomane.

I ei lesverdig bok frå 2011 om norsk vitalisme skriv Eirik Vassenden følgjande om Olav Aukrust, ein av læremeisterane til Alf Larsen: “Det er like fullt klart at det nasjonale, slik det finnes hos Aukrust, er et ladd punkt. Kombinasjonen av det ekstatiske og det massivt nasjonalforherligende – en kombinasjon av norsk odelsfetisjisme og tysk romantikk som kopler språk, jord og nasjonalitet til hverandre på herdersk manér, finnes hos Aukrust, blandet med en sterk religiøs drift mot overskridelse”. Eirik Vassenden hevdar likevel at det er fåfengt å lese Aukrust inn i nasjonalsosialismens versjon av det nasjonale, det let seg ganske enkelt ikkje gjere, Aukrust er “uhåndterbar” for slike forsøk. Ein skulle kan hende vente at Alf Larsen skulle lese Olav Slettos romanverk inn i en slik nasjonalforherligande samanheng, særleg med bakgrunn i beundringa for Aukrust, men det gjer faktisk ikkje Larsen i særleg grad. Han finn at “Olav Slettos fortellekunst har røtter i norsk bondestil. Det er den rolige, litt underfundige, jevnt flytende talestrøm som gir sig god tid og tilsynelatende tar alt med” og han koplpar dette saman med omgrepet “folkeånd”, men dette er et omgrep henta frå Grundtvig, og peiker mot det folkelege i anna tyding enn det nasjonalistiske eller det nasjonalsosialistiske. Han samanliknar Sletto med Olav Duun og Inge Krokann som baae to har skildra det store hamskiftet i norsk historie, men finn at Olav Sletto gjer dette på ein betre måte. Han skriv: “Derved kommer romanen tillike til å gi et billede av folket på et visst stadium av dets historiske utvikling, og dette billede blir samtidig symbolsk for hele tidsalderen med dens overgang fra rotfast til rotløst, fra instinktiv fellesbevissthet til erkjennelsesmessig jegbevissthet”. Dette er temmeleg presise formuleringar, og skarpt tenkt av Larsen, og det fangar opp grunntonen i Olav Sletto sitt romanverk på ein framifrå måte.

I Olav Sletto-selskapets Årshefte 2008 har Arne Skogheim gravd fram brevvekslinga mellom Alf Larsen og Olav Sletto. Dei hadde brevveksla heilt sidan 1929, og Alf Larsen er ein av dei som skreiv positivt om Loke-verket til Sletto. I same årshefte har også Ragnar Ytrehus ei innleiing om Alf Larsen. Når Sletto-selskapet nå gir ut heile Alf Larsen si bokmelding på nytt, er det fordi meldinga kastar eit lys over Sletto sitt verk som står seg jamvel i dag, trass i den seinaste debatten om Larsen, og trass i den konservatisme i antroposofisk utgåve som Larsen forskansa seg i.

Heilt til slutt tykkjer eg det er på sin plass å peike på Alf Larsen si eiga diktning. For å gripe Alf Larsen på rett måte må ein lese dikta hans. I eit essay om Alf Larsen frå 1963 skriv professor Asbjørn Aarnes, ein av dei beste vegvisarar i poesi og filosofi, dette om Alf Larsen:

“Mens moderne poeter gjerne dyrker detaljen, subtile assosiasjoner og sjeldne bilder, har Alf Larsen bevart noe av salmedikternes tydelighet. Dette er ingen kleinkunst. Det er de store temaer i menneskenes liv; døden, fortapelsen, gjenfødselen, saligheten synger han om”. Eg rundar av med eit Larsendikt av det meir enkle slaget, men som likevel syner Aarnes sitt poeng.

Kveldsbønn

O Gud, hav takk for lys og luft
for søndenvind og blomsterduft
Vær priset for de skjønne skjær
og for det gode solgangsvær,
for måkeskrik og måkeegg,
for solgul lønn og snehvit hegg
for jordens nye drakt hver vår,
for alle livets år!

Du lot hver morgen sol gå opp
og legge gull i furutopp
og farve havet himmelblått,
så vi stod opp med øiet vått.
Du satte brødet på vårt bord
og rakte sjelen livets ord,
gav ånden høie tankers flukt
og lengslen denne stille bukt,
hvor drømmen kunde gå til ro
på månelysets strålebro.

O underfulle menneskefærd,
den var vel all vår møie værd!
Hav takk for smerte og for lyst,
i hjemmet her på denne kyst,
hvorfra vi ser den fjerne strand
vi vet er livets land.